
Saksnr: 2021/1586-1
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		11.02.2021

Klagesak.

Åsen Vel sin klage over vedtak i søknad om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet til barn og ungdom

Vi gjer merksam på at i denne saka har sekretariatet for klagenemnda fått bistand frå Advokatfirmaet Thommessen, til å skrive saka. Årsaka til behov for bistand, var kapasitetsproblem i sekretariatet.

Den følgjande vurderinga er utarbeidd av Advokatfirmaet Thommessen:

Åsen Vel sin klage av 6. mai 2020 over vedtak i søknad om tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom

Advokatfirmaet Thommessen AS er gitt i oppdrag å førebu og legge til rette saka for klageinstansen. Innstillinga er utarbeidd av advokatfullmektig Elise Sivertsen med advokat (H) Svein Aage Valen som saksansvarleg advokat. Verken Sivertsen eller Valen kjenner til forhold som gjer oss ugilde til å delta i behandlinga av klagesaka.

Forslag til vedtak

Åsen Vel sin klage av 6. mai 2020 over vedtak om avslag på tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, vert ikkje teken til følgje.

1 SAMANDRAG

Saka gjeld klage over avslag på søknad om tildeling av økonomiske tilskot under ordninga "tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom". Hovudutval for kultur, idrett og integrering ("**hovedutvalet**") fatta den 21. april 2020 vedtak om tildeling/fordeling av tilskot for året 2020. Åsen Vel var ein av fleire søkarar som ikkje vart tilkjent tilskot ved vedtaket. Åsen Vel v/ styreleiar Birgith Hjelle Roset klaga på vedtaket ved brev datert 6. mai 2020. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering har i saksframlegg av 16. september 2020 vurdert klaga, og konkludert med at han ikkje bør takast til følgje. Klagen vert etter dette å behandle i den fylkeskommunale klagenemnda.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

1. Politisk sak, 51/20 til hovudutval for kultur, idrett og integrering den 21.04.2020 «Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom».
2. Melding om vedtak om avslag frå Vestland fylkeskommune, ved avdeling for kultur, idrett og inkludering, den 22.04.2020 til Åsen Vel.
3. Klage frå Åsen Vel, dagsett 14.05.2020.
4. Politisk sak, 119/20 til hovudutval for kultur, idrett og inkludering, «Klage på vedtak i søknad om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom», avslaget vert opprettheldt.

Saksutgreiing

2 BAKGRUNN OG SAKSGANG

2.1 Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge

Ordninga "tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom" ("tilskotsordninga") rettar seg mot aktivitetstiltak som skal bidra til å få fleire barn og unge i Vestland fylkeskommune aktive kvar dag. Tilskotsordninga har eksistert i tidlegare Hordaland fylke, men vart endra i samband med fylkessamanslåinga. Nye retningslinjer for tilskotsordninga vart vedtatt i hovudutvalsmøte den 2. desember 2019. Eit hovudformål med endringa var å gjere ordninga meir målretta og leggje til rette for fleire koordinerte, regionale aktivitetstiltak. Endringa i retningslinjene innebar at ein del lokale aktørar som tidlegare kunne søke direkte om støtte, etter endringa måtte søke gjennom det regionale leddet sitt.

Ordninga vart kunngjort i heile Vestland med søknadsfrist den 15. februar 2020. I utlysingsteksten stod det at regionale ledd av frivillige organisasjonar kan søke om tilskot til lågterskelaktivitet til lokallaga og klubbane sine. Vidare stod det at andre aktørar kunne vurderast særskilt. Organisasjonar vart oppfordra til å samarbeide om tiltak på tvers av kommunane i fylket.

2.2 Vedtak frå hovudutvalet 21. april 2020

Avdeling for kultur, idrett og inkludering førebudde saken og laga innstilling til vedtak i hovudutvalet. Etter at søknadsfristen var gått ut var det komne inn 45 søknader med ein samla søknadssum på kr 5 372 536. Avsett budsjett for ordninga var på kr 2 000 000.

Innstillinga til vedtak med prioriteringsliste over innkomne søknadar går fram av saksframlegg datert 21. april 2020. I innstillinga er det foreslått at budsjettet blir fordelt på 17 ulike tiltak/aktørar. Åsen Vel var ein av 28 søkarar som ikkje vart prioritert for tildeling av tilskot. Hovudutvalet fatta vedtak i tråd med innstillinga.

I kommentarane er det framheva at ein har forståing for at nokre søkarar (til dømes idrettslag, kommunar og ungdomsklubbar) reagerer på at dei ikkje lenger kan søke direkte på ordninga. Det er vist at slike tiltak ofte vil vere lokale og ha liten overføringsverdi til kommunar og organisasjonar. Ei årsak til at ein valde å endre på ordninga var å sikre at fylkeskommunen tok vare på rolla som regional utviklar og ikkje tok på seg kommunale oppgåver.

I saksframlegget er det framheva at eit absolutt kriterium for tildeling av tilskot er at tiltaket må rette seg mot lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge, og at det ikkje vil bli innvilga midlar til anlegg og infrastruktur eller drift. I vurderingskriteria var det framheva at følgjande tiltak ville bli prioriterte i 2020:

- Tiltak retta mot inkludering gjennom idrett og friluftsliv.
- Tiltak for å nå minst ein time fysisk aktivitet kvar dag i grunn- og vidaregåande skule.
- Tilskot til oppstart og vidareutvikling av opne idrettsanlegg for eigenorganisert aktivitet for barn og ungdom.
- Tilskot til utvikling og utprøving av nye aktivitetar.

Det blir avslutningsvis vist til at søknader som er sendt inn direkte frå kommunar, lokale lag og organisasjonar får avslag, då dei ikkje har søkt i tråd med retningslinjene. Søkarane fekk tilbakemelding om dette etter kvart som søknadene kom inn.

2.3 Avslagsbrev til Åsen Vel av 22. april 2020

I samsvar med innstillingslista vedtatt av hovudutvalet den 21. april 2020, vart Åsen Vel informert i brev av 22. april 2020 om at det var gitt avslag på søknaden om tilskot. Saksdokument for behandlinga i hovudutvalet, og oversikt over søknader med individuell grunngiving vart vedlagt avslagsbrevet. I grunngivinga for avslaget er det vist til at søknaden frå Åsen Vel vart vurdert saman med andre søkarar opp mot kriteria og retningslinjene for ordninga, og at den totale søknadssummen var større enn midlane tilgjengeleg for fordeling.

Åsen Vel påklaga vedtaket den 6. mai 2020.

3 KLAGENS INNHOLD

3.1 Klagegrunnane

I klagen frå Åsen Vel datert 6. mai 2020 er det gjort gjeldande at søknaden til Åsen Vel ikkje formelt har blitt behandla, og at den manglande behandlinga er i strid med retningslinjene som fastset at søknader frå "andre aktørar" [enn regionale ledd av frivillige organisasjonar] kan vurderast særskilt.

Det er i klaga særskilt framheva tre forhold som grunnlag for klagen:

1. Retningslinjer: Klagar har for det første vist til at retningslinjene vedtatt 2. desember 2019 skil seg frå dei tidlegare retningslinjene for Sogn og Fjordane fylke. Klagar viser til at dei nye retningslinjene knytt til samordning av søknader hos regionale ledd ikkje vart tydeleg nok kommuniserte før søknadsfristen gjekk ut den 15. februar 2020. Dette har ført til at fleire lag og organisasjonar (inkludert klagar) har fått avslag på søknadene. Det blir òg stilt spørsmål til om samordna søknader gir større regional effekt.

2. Nærmiljøanlegg: Det er for det andre vist til at klagar ikkje er kjent med at det finst fleire registrerte nærmiljøanlegg i området, slik at ei samordning av søknader for nærmiljøanlegg som Åsen Vel ikkje vil vere praktisk mogleg å gjennomføre. Sjølv om det i utlysingsteksten er vist til at andre aktørar kan vurderast særskilt, meiner klagar at dette ikkje er gjort i føreliggande sak.

Det blir dessutan påpeika at søknader frå andre aktørar, som Fyllingsdalen Frivillighetssentral vart behandla, sjølv om denne aktøren ikkje har eit regionalt ledd.

3. Søknadsinnhald: Som allereie nemnt har klagar vidare hevda at søknaden til Åsen Vel ikkje formelt er blitt vurdert for tilskot, med grunngevinga at lokale lag ikkje kan søke på ordninga og at tiltak skulle samordnast i lokale ledd. Klagar meiner at manglande behandling av søknaden er i strid med retningslinjene som fastset at søknader frå "andre aktørar" kan vurderast særskilt.

4 VURDERING AV KLAGEGRUNNANE

4.1 Rettsleg grunnlag

Klaga gjeld vedtak om tildeling av offentlig tilskot. Avslag på tildeling av tilskot er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Dette inneber at saksbehandlingsreglane i forvaltningslova kapittel IV-VI, i tillegg til dei alminnelege reglane om saksbehandling i kapittel III gjeld for vedtaket.

Tilskotsordninga er ikkje regulert i lov- eller forskrift. Det vart vedtatt retningslinjer for tilskotsordninga den 2. desember 2019, som er angitt på nettsida for tilskotsordninga (<https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-til-lagterskel-fysisk-aktivitet-for-barn-og-ungdom/>). Retningslinjene tilkjenner hovudutvalet eit vidt prioriteringsskjønn ved tildeling av midlar under tilskotsordninga.

4.2 Nye retningslinjer er mangelfullt kommunisert

Klagar har gjort gjeldande at dei nye retningslinjene for tilskotsordninga vart mangelfullt kommunisert før søknadsfristen gjekk ut. Basert på dokumenta som er framlagt i saka ser det ut som at informasjon om dei nye retningslinjene vart tydeleg kommunisert i fleire ulike fora. I tillegg til å gå fram av nettsida til ordninga, går det fram av saksframlegg av 16. september 2020 at informasjon om endringane vart "annonsert til regionale ledd av organisasjonar og lag innan friluftsliv og idrett, samt formidla i ulike fora digitalt for å nå ut." Dei nye retningslinjene vart vedtatt meir enn to månader før søknadsfristen gjekk ut. Søkarar synast følgjeleg å ha fått tilstrekkeleg tid til å innrette seg og tilpasse søknader til dei endra retningslinjene. Det er derfor vanskeleg å sjå at informasjon om dei nye retningslinjene har vore mangelfullt kommunisert til søkarar, eller at endring av retningslinjene for ordninga på annan måte strider mot dei alminnelege krava til ei forsvarleg saksbehandling.

4.3 Samordna søknadsprosess for nærmiljøanlegg er ikkje praktisk mogleg

Klagar har for det andre vist til at det for Åsen Vel ikkje er praktisk mogleg å samordne søknadsprosessen, då det ikkje finst andre nærmiljøanlegg i området. Til dette skal nemnast at retningslinjene opnar for at søknader frå andre aktørar enn regionale ledd kan vurderast særskilt. Klagar sin påstand om at dette ikkje er gjort i føreliggande sak behandlast i punkt 4.4.

4.4 Påstand om manglande behandling i strid med retningslinjene

Klagar har gjort gjeldande at deira søknad om tilskot ikkje formelt har blitt behandla eller vurdert for tilskot, og at den manglande behandlinga er i strid med retningslinjene som fastset at søknader frå "andre aktørar kan vurderast særskilt".

Retningslinjene må forståast i lys av at tilskotsordninga er retta mot regionale aktørar, og har som formål å auke den regionale samhandlinga mellom ulike organisasjonar og aktørar.

At søknader frå andre aktørar *kan* vurderast særskilt, indikerer at terskelen for prioritering av tiltak frå lokale aktørar utan regionalt ledd vil vera høgare enn ved søknader frå regionale aktørar.

Slik fylkesrådmannen vurderer saka er det uansett ikkje grunnlag for å konstatere at søknaden til Åsen Vel ikkje formelt har blitt behandla eller vurdert. Søknaden frå Åsen Vel er med på innstillingslista som vart framlagt for hovudutvalet 21. april 2020. Det er vidare sendt ut avslagsbrev til Åsen Vel, der det går fram at søknaden har blitt vurdert saman med andre søkarar opp mot kriteria og retningslinjene. Som klagar sjølv har framheva i klagen, ser ein òg at søknader frå andre aktørar, slik som Fyllingsdalen Frivillighetssentral har blitt behandla (og avslått), sjølv om aktøren ikkje har eit regionalt ledd.

Slik fylkesrådmannen vurderer saka har søknaden blitt behandla, men nedprioritert. Det kjem fram av saksframlegg av 16. september 2020 at tiltaket Åsen Vel har søkt om tilskot til, i hovudsak gjeld innkjøp av leikeapparat til barn i barnehagealder. Tiltaket vart vurdert som å ha låg overføringsverdi, avgrensa grad av ny kompetanse og ingen grad av samarbeid med andre kommunar eller aktørar. Det er vidare vist til at tiltaket gjeld ei form for nærmiljøanlegg, og at tilskotsordninga avgrensar mot tilskot til anlegg, infrastruktur og drift. Det er òg vist til at søknad om nye nærmiljøanlegg bør rettast til kommunen.

På grunn av den lokale forankringa til tiltaket og at tiltaket har karakter av å vere eit anlegg, synast nedprioriteringa av søknaden til Åsen Vel å vere i samsvar med det som går fram av retningslinjene og nettsida med utlysinga for tilskotsordninga.

4.5 Grunngeving for vedtaket

Klagars oppfatning av at søknaden ikkje formelt har blitt behandla synast å bygge på utsegner i saksframlegget om at søknader som er sendt inn direkte frå kommunar, lokale lag og organisasjonar får avslag, då dei ikkje har søkt i tråd med retningslinjene. Utsegna kan isolert sett vere egna til å gi inntrykk av at søknader frå slike aktørar ikkje formelt har blitt behandla. At tiltaket har blitt nedprioritert grunna lokal forankring og låg overføringsverdi kunne vore framheva i grunngevinga for å klargjere at søknaden innholdsmessig har blitt vurdert.

Utsegna må likevel sjåast i samanheng med grunngevinga gitt i avslagsbrevet og saksframlegget for hovudutvalet. I avslagsbrevet går det fram at søknaden har blitt vurdert saman med andre søknader opp mot retningslinjene og kriteria for ordninga. Saksframlegget for hovudutvalet gir nærare presiseringar av retningslinjene og gjer greie for korleis prioriteringa mellom søkarar er gjort. Vi visar i denne samanhengen til fvl. § 25 (3) som slår fast at kor det er gitt retningslinjer for skjønnsbruken, vil det vanlegvis vere tilstrekkeleg som grunngeving for vedtaket å vise til retningslinjene. Slik vi oppfattar saka er grunngevinga for avslaget tilfredsstillande. Dette inneber at det ikkje er grunn til å meine at ei eventuell knapp eller misvisande grunngeving har verka inn på innhaldet i vedtaket.

4.6 Oppsummering

Det er etter fylkesrådmannen si vurdering ikkje grunnlag for å konstatere at søknaden til Åsen Vel har blitt mangelfullt behandla eller har blitt behandla i strid med retningslinjene for tilskotsordninga vedtatt 2. desember 2019. Vi kan heller ikkje finne andre feil ved skjønnsbruken eller saksbehandlinga som kan antakast å ha verka bestemmande på innhaldet i vedtaket.

5 INNSTILLING TIL VEDTAK

Det er ikkje grunnlag for å endre vedtaket frå hovudutvalet om avslag på søknad om tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom. Klagenemnda vert råda til å gjere følgjande vedtak:

Åsen Vel si klage av 6. mai 2020 over vedtak om avslag på tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, vert ikkje teken til følgje.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til Reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Det er søkt om tilskot. Kan ha noko effekt på budsjettet.

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Klagen vert ikkje teken til følgje,